



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5767 - 14/26651

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2014

Løyve til tiltak og dispensasjon - etablering av avlaupsanlegg for 2 fritidsbustadar - gbnr 84/11 og gbnr 84/12 - Kvalvågnes.

Administrativt vedtak. Saknr: 375/14

Tiltakshavar: Karen og Christen Hella
Nils Kvalvågnes
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avlaupsreinseanlegg for 2 eksisterande fritidsbustadar på eigedommane gbnr 84/11 og gbnr 84/12. Anlegget skal plasserast på gbnr 84/4.

Det er gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 02.12.2014.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og frå byggjeforbodet i strandsone, pbl § 1-8.

Det vert elles vist til søknad motteke 07.07.2014 supplert 22.08.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.08.2014. Det er ikkje lovfesta frist for handsaming av saker som gjeld dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag, jf pbl § 27-1.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan 2003 er definert som LNF-føremål.

Tiltaket ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjø.



Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealdelen i kommuneplan 2003 og byggjeforbodet i strandsona for å kunne godkjennast.

Det er søkt dispensasjon med slik grunningjeving:

Søker dispensasjon frå LNF-føremål og 100 meters belte langs sjø til å montere eit felles mini rensesanlegg til gnr. 84/11 og 84/12 .

Etter dagens stander så er de nødvendig med vann klosett på ei hytte, om ikkje så er de slik at eldre hytter berre ligger til forfall da dei ikkje vert brukt.

Hytta vil i fremtiden bli benyttet mer og et mini rensesanlegg er i så måte mer fremtidsrettet.

Hytta har i dag elektrisk toalett, dette må snart skiftes ut og vi syns tidspunktet er egnet til en oppgradering.

Med montering av ett mini rensesanlegg får vi en god og tilnærmet full - rensing av både spillvann og kloakk.

Med å sette ned eit reinseanlegg sikra me naturen for uønskt forureining .

Dette er eit anlegg som skal graves ned og stelles til igjen så de vert minimalt med synlige spor i naturen og skal dermed ikkje ha noen ulemper for natur –og friluftsliv.

Eg er kjend med at fleire hytter i området har fått godkjent tilsvarande anlegg.

Uttale frå anna styresmakt

Saka har vore send på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune. Det er ikkje mottatt uttale.

Nabovarsel

Nabovarselet for eigedomen gbnr 84/1 var send til Bergen og Omland Friluftsråd og ikkje Miljødirektoratet som er heimelshavar. Søknaden vart difor send på høyring til Miljødirektoratet.

Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 22.08.2014.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vera oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsynet bak både LNF-føremålet og byggjeforbodet i strandsona er i dette området hovudsakleg knytt til friluftinteressene i området. Dei berørte eigedomane grensar til det statleg sikra friluftsområdet.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av avlaupsanlegg for 2 bebygde fritidseigedomar. Etablering av avlaupsreinseanlegget vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande handtering av avlaupet frå eigedomane. Avlaupsanlegg og leidningar skal gravast ned og terrenget skal reetablerast og vil såleis ikkje endra bruken av arealet.

Administrasjonen finn etter ei samla og konkret vurdering at omsynet bak LNF-føremålet og byggjeforbodet i strandsona ikkje vert vesentleg sett til side. Fordelane ved tiltaket vert vurdert klart større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt slik det er søkt om.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre avtale om plassering av omsøkte tiltak på hovudbruket.

Tiltakshavar har ikkje signert søknad om løyve til tiltak. Kommunen føreset at ansvarleg søkjar kan leggja fram fullmakt frå tiltakshavar ved eit eventuelt tilsyn.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Stendal VVS AS**, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stendal VVS AS**, org.nr. 980626180, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) og utførande** for heile arbeidet.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, pbl § 11-6, og byggjeforbodet i strandsona, pbl § 1-8 for etablering av avlaupsanlegg i samsvar med søknad mottatt 07.07.2014, supplert 22.08.2014.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg i samsvar med søknad mottatt 07.07.2014, supplert 22.08.2014, og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 22.08.2014, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal etablerast i samsvar med utsleppsløyvet datert 02.12.2014.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Heile tiltaket
UTF	Stendal VVS AS	980626180	S	1	Heile tiltaket

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5767.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.1	Dispensasjon som gjeld byggjeforbodet i strandsona, Pbl. § 1-8	1	Kr 8 500,-
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan	1	Kr 8 500,-
10.2.6	Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg	1	Kr 3 700,-
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett per føretak med sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 21 700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Nils Kvalvågnes

Pb 7310 5020
Kvalvågnesvegen 5956
681

BERGEN
HUNDVIN

Karen og Christen Hella

Bønesheiane 124 5154

BØNES

Mottakarar:

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND